



## Referat

Underutval - rus og psykiatri #4

16.12.2021

<b>Møtestad:</b>	Scandic Voss
Til stades:	June Eide Viken, Vaksdal kommune Anne Merete Flekstad Vik, Kvam herad Frode Andvik, Voss herad Torstein Hellesnes, Ulvik kommune Frédéric Larsen, Voss DPS Sissel Sæverås Nedkvitne, Voss DPS Cathrine Stue Børhaug, Voss DPS Anne Kari Gjeraker, Voss DPS Kari Sæverås Kløve, Voss DPS Sigrid Kjos Denver, Voss DPS Henriette H. Gjeraldstveit, Voss DPS
Ikkje møtt:	Gro Elnan, Eidfjord kommune Bjørg Synnøve Skiple Aasan, Voss DPS Mari Herre, Mental Helse
Referent:	Henriette Hereid Gjeraldstveit, Voss DPS

Sak	Ansvar
<b>Runde rundt bordet</b> Gjensidig oppdatering på siste nytt fra DPS og kommunar.	
<b>IPS</b> IPS (Individual Placement & Support) er ei teneste under utprøving på Voss DPS i samarbeid med Nav. Det er ansatt til saman 4 jobbspesialistar. Metoderettleiar, Kirsten McClellan Steine, er for tida sjukemeld. Elisabeth Sæverås Kløve er konstituert som metoderettleiar. I Nav Kvam er det ansatt ny jobbspesialist, Janne Erichsen. På Nav Voss, ny jobbspesialist, Maritza Senneseth.  Det planleggast kick-off for å markera IPS, 3. mars 2022. Set av dagen. Meir info kjem.  IPS Ung er implementert i IPS-prosjektet. Her er det Elisabeth som skal ha denne funksjonen og den skal være organisert på ROP Voss.	
<b>Prosjekt: «Fremtidens psykiske helsevern»</b>	



<p>Psykisk helsevern mot 2035 er eit prosjekt i regi av Helse Bergen v/Divisjon psykisk helsevern, leia av direktør Anders Hovland, Solli DPS.</p> <p>Representantar frå Voss DPS: Cathrine Stue Børhaug og Sissel Sæverås Nedkvitne. Frédéric Larsen sit i styringsgruppa.</p> <p>Gjennomgang av endeleg rapport utarbeidd av prosjektet i møtet.</p> <p>Denne vert sendt ut til alle kommunane for høyring.</p>	
<p><b>Fagleg integrasjon rus/psykisk helse</b> <b>Lokalt ROP-nettverk, Voss</b> Prosjektleiari og seksjonsleiari, ROP: Roger Atle Kårstad Nettverksleiari: June Eide Viken Representant, Voss DPS: Borgny Instanes Representant, Avdeling for rusmedisin: Unni Stiansen</p> <p>ROP-nettverket er organisert og leia av ROP-forløpsgruppe. Her finn ein alle DPS samla i tillegg til ei ROP-ressursgruppe.</p> <p><b>Fokusområder</b></p> <ol style="list-style-type: none"><li>1. Sektorisering av tenestetilbod</li><li>2. Felles ambulant team (FACT)</li><li>3. Styrke gjennomføring av ROP-forløpet</li><li>4. Felles kompetansebygging og arena for samhandling</li><li>5. Etablere nytt felles døgntilbod for ROP-pasientar</li></ol> <p>Kommunane og DPS skal forsøke å kartlegge antal ROP-pasientar.</p>	
<p><b>FACT</b> I samband med prosjekt Fagleg integrasjon rus/psykisk helse har ei arbeidsgruppe sett på eksisterende FACT-team. Ei styringsgruppe har anbefalt at alle DPS i Helse Bergen sitt opptaksområde bør ha FACT-team. Voss DPS har ikkje dette i dag. Rehabiliteringspoliklinikken (RP) gjennomfører ein del ambulante konsultasjonar.</p> <p>Både kommunane og DPS er positive til innføring av FACT. Dette krev forankring i leiing begge stader. Det er einigheit om å etablere ei arbeidsgruppa med underutvalet som styringsgruppa. Arbeidsgruppa skal utarbeida skriftleg rapport som skisserer organisering, dimensjonering, finansiering. Her føreligg allereie mykje dokumentasjon. Frédéric sender ut det han har.</p> <p>Ønskje med oppstart i løpet av 2023.</p> <p>RP har hospitert på Kronstad DPS og Valen DPS. Det er konkludert med at tenesta førtrekkast lokalisert og administrert av Voss DPS innunder RP. Teamet skal serve alle kommune i Voss sitt opptaksområde og det vert viktig med forankring i leiinga, både på DPS- og kommunenivå.</p>	



<p><b>Arbeidsgruppa, etablert i møtet, 16.12.2021</b> Cathrine Stue Børhaug, avdelingsleiar poliklinikkane, Voss DPS Kari Sæverås Kløve, teamleiar, rehabiliteringspoliklinikken, Voss DPS Frode Andvik, leiar, rus- og psykiatritenesta, Voss herad Anne Merethe Flekstad Vik, leiar rus- og psykiatritensta, Kvam herad Torstein Hellesnes, leiar, rus- og psykiatritenesta, Ulvik herad June Eide Viken, leiar, rus- og psykiatritenesta, Vaksdal kommune Gro Elnan, leiar, rus- og psykiatritenesta, Eidfjord kommune</p>	
<p><b>Musikkterapi</b> Musikkterapeut Tor-Øyel Bidne Kvitne har retta førespurnad til kommunane i kva grad dei ser for seg vidareføring av musikkterapi tilbod i etterkant av behandling ved DPS.</p> <p>Alle kommunane er interessert i meir informasjon og kurs i musikkterapi, gjerne i regi av kulturskule, musikk-kontakt eller musikkterapeut. Polyfon vert nemnd som kontaktsenter for kompetanseheving.</p>	

## MØTER I 2022

17.02.2022 kl 09:00-11:00

19.05.2022 kl 09:00-11:00

08.09.2022 kl 09:00-11:00

01.12.2022 kl 09:00-11:00